

Minneord Sverre Hagen

Det byrjar å grønkast på trea no, ute høyrer vi fuglane som har starta vårsongen sin, trass snøbyer så kjenner vi eimen av vår i lufta. Alt vert lysare. Og med våren kjem tankane om at vårmånaden Mai snart er her, med nasjonaldagen vår og det som høyrer med.

I åra frå 1985 og fram til i dag har det vore ei markering ved krigsminne på Lianeset kvar 17. mai. I år vil vi sakne ein av berebjelkane i markeringa, Sverre Hagen. Med sitt lune smil og gode vesen fortalte han som tidsvitne til hendinga om opplevingane han hadde den desemberdagen i 1944.

Det var med sorg vi tok imot budskapet om at Sverre var død, den 16. desember i 2012. Med det var ein bauta i Ørstasamfunnet med eit borte.

Sverre Bernt Hagen var hans fulle namn, han var fødd i 1925 i Hagen i Ørsta. Sverre var femten år då krigen spreidde seg til vårt land. Krigstida kom til å prege Sverre på mange måtar. Han tok då utdanning ved Realskulen i Ulsteinvik, med tanke på vidare høgare utdanning seinare.

Den 5. desember i 1944 oppheldt Sverre seg utanfor Lystad skule då ufredne verkeleg kom til Ørsta. Ein større samling av Australske og Newzealandske fly angreip ein tysk konvoi med transportskip i Ørstafjorden. Sverre var augevitne til det som hendte. Då eit av dei allierte flya vart skote i brann såg Sverre at ein av menneskapet hoppa ut av det brennande flyet i fallskjerm. Uredd sprang Sverre ned i fjøra, drog ut prama frå naustet og rodde

til det punktet i fjorden der fallskjermen låg. Sverre tok denne opp i båten, men han konstaterte at det ikkje var nokon person i selen på fallskjermen. Sverre oppbevarte fallskjermen heime, med fare for represaliar dersom tyskarane hadde funne den.

Eit par år seinare drog Sverre til sjøs som maskinist, denne jobben førte han til Australia. Der tok han kontakt med myndigheitene og viste dei fallskjermen. Han kom då i kontakt med familien Sides, foreldra og systera til Fredric Gordon Sides som var namnet på navigatøren som hadde hoppa ut av det brennande flyet nokre år tidlegare. Dette møtet resulterte i eit livslangt vennskap mellom familien Sides og Sverre. Dette venskapen utvikla Sverre vidare til at Ørsta vart eit omgrep i australsk krigshistorie. Ørsta fekk etter kvart ei eiga utstilling på krigsmuseet i Mildura, og veteranar frå flyangrepet vitja Ørsta ved fleire høve. Det nære sambandet mellom Australia og Ørsta er ein arv etter Sverre som må takast vare på for framtida.

I Januar 1947 starta Sverre som soldat i den første Tysklandsbrigaden. I Tyskland fekk han sjå dei kolossale øydeleggingane som krigen hadde ført med seg. Denne opplevinga forma Sverre til ein ekte Europear. Eit samla og konfliktfritt Europa var draumen hans, og han kunne med stor glede oppleve at EU fekk fredsprisen i 2012.

Sverre vart seinare distriktssjef i stålfirmaet Schreiner og Fleischer i Ørsta. Dette firmaet styrte og utvikla han med stø hand. Han enga-



Sverre Hagen.

sjerte seg også politisk og hadde fleire periodar som politikar i Ørsta kommunestyre. Først representerte han Venstre, men då dette partiet vart splitta følgde han Det Liberale Folkepartiet. Seinare kom han til å representere Høgre i kommunestyret i Ørsta. Dette gjorde han på ein framifrå måte.

Eg vart kjend med Sverre i 1983 då eg starta med å samle inn lokal krigshistorisk materiale. Her var Sverre til uvurderleg hjelp og støtte. Han var også veldig aktiv i arbeidet med å ta vare på krigsminnet på Lianeset, og var til stades kvar 17. mai ved minnemarkeringa der. Når vi no er inne i 2013 så er det med vemod eg konstaterer at plassen til Sverre er tom ved krigsminnet den 17. Mai. Men arbeidet Sverre la ned i å halde minnet i hevd, og det arbeidet han utførte der han knytte Australia tettare til Ørsta, det vil aldri bli gløymt.

Eg er i dag veldig glad for å ha hatt Sverre som ven, og ikkje minst som støtte i mitt krigshistoriske arbeid. Fred over minnet ditt, Sverre!

Ove Røv